

KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 1/19 · 29. ÅRGANG



4

Fasteaksjonen

6-8

Dåp

13

Kva er eit sokneråd?



DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

KONTAKT er kyrkjebladet for Meland kyrkjelyd. Det vert laga i samarbeid med Alversund, Seim, Lygra, Osterfjorden og Mo sokn.

Kyrkjebladet kjem ut 4 gonger i året.

Bankgiro: 3632.07.04019 eller

Vipps 59301

Redaktør: Gunvor Taule Mjanger

Redaksjon: Stine Karin Sæle, Torbjørn Bøen og Anne Sofie N. Uthaug

Grafisk design: Opplett

Trykk: Bodoni AS

Framsida-bilde: Caroline Sherrock vart døypt i Meland kyrkje i januar.

Foto: Arve Kjell Uthaug

www.melandkyrkja.no

Adresse: Postboks 117, 5906 Frekhaug

Telefon: 56171480

Epost: post.meland@kyrkja.no

Besøksadresse kontor og Møteplassen: Havnevegen 31, Frekhaug

Treffetid: Mandag, onsdag, fredag 12.00-15.00

Tankestrek

Ufullkomment perfekt

Av: Bjørn Tore Sæle, sokneprest i Meland kyrkjelyd

Tre små glimt. Først: En tidligere prost kommenterte forventningspresset slik: «Hver dag har sine unnlater. Med det mente han at det aldri er dager der alles forventninger blir oppfylt. Hver dag må man unnlate å gjøre noe fordi ingen kan være alt for alle. Derne: En tidligere fotball-leder i Bergen kommenterte omtrent slik om konflikter i klubben: «Vi må tåle et visst konfliktnivå på alle arbeidsplasser.» Til sist: En god medarbeider i gudstjenestene i Meland sa da jeg begynte: «Jeg har aldri opplevd at en gudstjeneste gikk helt etter planen. Det er alltid noe som blir annerledes enn planlagt.»

Altså: Hverdagens unnlater, de daglige uenigheter og småkonflikter, og det at vi aldri klarer å få noe helt perfekt, er alt sammen utslag av det vi alle vet: Det perfekte finnes ikke, verken perfekte liv, fullkomne mennesker, eller for den saks skyld den ideelle menighet. Hver dag må vi forsone oss med noen porsjoner av dette ufullkomne i sykdom og sorg, i bekymring og motgang, i små og store unnlater, og erkjenne at slik er det å være menneske og kirke.

Likevel er livet mer enn å forsones med hverdagens unnlater. Vi strekker oss etter det som er bedre. Det hører med i ethvert liv og på enhver arbeidsplass stadig å evaluere, forbedre og arbeide for at gode drømmer skal nås. I Meland kyrkje har vi en visjon og et verdidokument, jevnlig strategisamlinger og årlig tur for stab og sokneråd, fordi kyrkjelyden ser oppover, framover, utover. Det gjelder også ellers i samfunnet. Ingen kan slå seg til ro så lenge verden er som den er. Det ville i så fall være å svikte alle som lider under fattigdom, miljøkrise, ensomhet og annet. Unnlater er ikke greit, til tross for at hver dag har sine unnlater.

Det går heldigvis an å strekke seg og samtidig glede seg over alt som er godt. Det ville være trist om vi ikke kunne verdsette alt av levende fellesskap, iherdig innsats og hellige øyeblikk. Vi ser det gode som er, og strekker oss etter det som er bedre, i et ufullkomment perfekt liv.



Bjørn Tore Sæle

Sokneprest - 56171484

bjorntore.saele@melandkyrkja.no



Anne Sofie Nergård Uthaug

Kyrkjeverje - 56171485

anne.uthaug@melandkyrkja.no



Ruben Sæle

Diakon med ungdomsfokus

56171488 - ruben.saele@melandkyrkja.no



Trond Fykse

Kyrkjelydsmusikar - 56171483

trond.fykse@melandkyrkja.no



Helge Hitland

Vikarprest - 905 75 780

helge.hitland@bkkfiber.no



Linda Gripsgård Lunga

Konsulent - 56171480

linda.lunga@melandkyrkja.no



Anne Marit Fosse Dahle

Kyrkjelydspedagog - 56171482

anne.dahle@melandkyrkja.no



Regine Sagstad Berg

Soknerådsleiar - 99324460

reginesagstad@gmail.com



Junji Furukawa

Kyrkjetenar - 46797567

junjif@sky.plala.or.jp



Følg oss på Facebook:

@melandkyrkja

Glimt frå konfir- mantleir

Tekst: Anne Marit Fosse Dahle
Foto: Eirik Sæle

11.-13. januar var konfir- mantane på leir på Fjell-ly på Sotra. Vi hadde fine dagar saman med lek og moro, undervisning om gudste- nesta og Kristuskransen, og fine samlingar med bøn, song og nattverd. Ein spor- ty gjeng tok seg til og med eit bad i fjorden! Her er nokre glimt frå ei fin konfir- manthelg!



Konfir- mantane deltok aktivt i sporløp om gudstenesta og om Kristuskransen



På samlingane delte leiarane tankar og historier, leia lov- song og la til rette for ein god dose lek og moro.



Fasteaksjonskomiteen klargjer bøsse for årets aksjon. Frå venstre: Ruben Sæle, Kristin Mestad, Linda Gripsgård Lunga og Bjørn Tore Sæle.

Årets nyttigaste søndagstur

Tekst: Torbjørn Bøen
Foto: Anne Sofie Uthaug

DEN 7. APRIL BRAKAR DET LAUS MED ÅRETS FASTEAKSJON FOR KIRKENS NØDHJELP. DEI 62 KONFIRMANTANE I MELAND TRENG HJELP FRÅ RESTEN AV KYRKJELYDEN TIL Å SAMLA INN PENGAR FOR Å GJE VATN TIL FOLK I NAUD.

TRADISJONSRIK FASTEAKSJON

Fasteaksjonen er ein 50 år gamal tradisjon. Aksjonen er i dag den nest største innsamlingsaksjonen i Noreg. Fasteaksjonen blir sett i stand over heile landet frå sundag til tysdag før palmesundag. Fasteaksjonen blei halden for fyrste gong i 1967. Til saman har aksjonen hittil samla inn 1,2 milliardar kroner. Dei siste åra har Fasteaksjonen henta inn rundt 35 millionar kroner kvart år. Dette utgjer omtrent ein tredel av KN sitt budsjett.

– Pengane går til alt Kirkens Nødhjelp driv med, men dei fokuserer mest på vatn. Dersom det skjer ei krise i verda, har KN ansvar for å finne vatn. Dei ulike organisasjonane har spesialisert seg på ulike ting. KN har blitt ekspertar på vatn, sanitæranlegg som fungerer og tiltak for å betre generell hygiene. Dette er særst viktig i til dømes store flyktningeleirar, seier diakon Ruben Sæle.

Ruben har fått ansvar for aksjonen i Meland kyrkjelyd. – KN gjer også mykje godt arbeid innafor utdanning og er også med å påverke styresetta i land der fattige menneske vert undertrykte.

ALLE SKAL MED

Tidlegare har det i hovudsak vore konfirmantar som har vore bøsseberarar i Meland. Men diakon Ruben Sæle ynskjer at heile kyrkjelyden skal vere med på aksjonen i år saman med konfirmantane.

– Eg ønskjer å løfte denne aksjonen opp som kyrkjelyden sin aksjon, som noko vi gjer saman. Konfirmantane er ein viktig del av kyrkjelyden og går med bøsse som ein del av sitt opplegg. Andre vaksne og barn i kyrkjelyden kan også ta del i denne viktige oppgåva.

Det er 62 konfirmantar som skal vere bøsseberarar, men dei er ikkje mange nok til å dekke heile øya. Totalt er det 75 «roder», eller innsamlingsløyper i Meland, men konfirmantane kan ikkje ein gong dekkje halvparten.

Dei som ønskjer og kan hjelpe til med innsamlinga kan melde seg til Ruben eller andre på kyrkjelydskontoret. – Det er fint om folk kan melde seg på førehand, slik at dei kan få tildelt ein «rode».

– Det er viktig og fint å starte ein slik aksjon med ei gudstjeneste. Her kan Gud gje sine gåver til oss – og så går vi ut i Meland og gjer ein innsats for dei som treng oss ute i verda etterpå. Ein veldig fin heilskap. Bøsseberarane får utstyr tildelt i kyrkja etter gudstjenesta, inkludert eit kart som fortel kor dei skal gå. Så går dei ut og ringjer på dører og samlar inn pengar. Etter maksimum 2-2,5 timar etter gudstjenesta kjem dei tilbake med bøsse. Der blir pengane telt og rapportert inn til KN.

Det er også mogleg å betale via Vipps eller SMS.

– Dette er jo ein ypperlig søndagstur, seier den engasjerte diakonen.

– For kvar 200 kroner du samlar inn, gjev KN sikker tilgang til vatn for ein person livet ut. Dette er den mest nyttige søndagsturen dette året!

Frå kyrkjebenken

Tekst og foto: Bjørn Dalsgård Nygård

– Kva kyrkje tilhøyrer du?

– Det er Ostereidet kyrkje. Vi bur i gåavstand til kyrkja.

– Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

– Eg har vore aktiv i kyrkjelyden sidan eg var tenåring. Ostereidet kyrkje eksisterte ikkje då, men kyrkjelyden møttest til gudstenester i «gamle-gymmen» ved skulen. Dette var ein gymnastikksal som var vigsla til interimskyrkje. Vi som kom frå Ostereidet vart konfirmerte i Myking kyrkje. Den gongen var det Monrad Taule som var sokneprest.

– På midten av 70-talet vart eg aktiv i skulelaget. Her var Helge Hitland vaksenleiar. Eg var også med i Ten Sing i Knarvik, under leiing av Egon Askvik. På det meste var vi over 120 ungdommar med i koret.

– I 1989 flytta eg og mannen min, Ernst, tilbake til Ostereidet. Saman med borna våre engasjerte vi oss i søndagsskule, barneforeining og Fredagskaféen i kyrkjelyden.

– Både eg og Ernst har i dag stor glede av å syngje i koret Te Deum. Det er også kjekt og sosialt å vere saman med gjengen på Strikkekaféen. Ein gong i året arrangerer vi basar, der inntektene går til utstyr og inventar i kyrkja.

– Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?

– Det må vere at den er eit viktig møtepunkt, at den samlar alle frå born til pensjonistar. Det er òg flott å sjå alle ungdommane som er innom Fredagskaféen kvar einaste veke. Fleire av leiarane der har vore med og drive klubben gjennom fleire år. Det står respekt av arbeidet deira.

– Korleis vil du skildra kyrkja?

– Vi har ei flott, moderne arbeidskyrkje. Den har mange rom som kan brukast til ulike aktivitetar. Og så har vi eit godt kjøkken. Det er viktig.

– Kva salme syng du gjerne for tida?

– For nokre veker sidan hørde eg ei radiogudsteneste frå Ihlen menighet i Trondheim, der skodespelaren og musikaren Børge Pedersen var med. Han song «O store Gud», kjend både frå bedehus og kyrkje. Det gjorde eit sterkt inntrykk på meg. Både tekst og melodi er vakre.



FAKTA

Namn: Anna Børslid Tvedt

Alder: 58 år

Bustad: Ørnnova, Ostereidet

Sivil status: Gift, fire vaksne born og fem borneborn

– Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

– Først og fremst må det vere Friele. Nei, spøk til side. Ein vellukka kyrkjekaffi er når folk har tid til å stoppe opp og prate. Og hjelper til med å rydde opp etterpå. som vi elles ikkje pratar med så ofte. Det er imponerende av soknerådsmedlemene og andre som søndag etter søndag kjem med bakverk og steller i stand til så mange.



Dåp – tru og tradisjon

– ein festdag i familien og i kyrkja

Tekst: Stine Karin Sæle / Bilde: Arve Kjell Uthaug

– Kvifor valde de å døype barnet?

– Vi synes dåpen er ei fin feiring av eit nytt barn. Det finst fleire måtar ein kan feira eit nytt liv på, men for oss er dåpen ein viktig del av trua vår. Det var derfor eit val basert både ut frå tru og at det er ein fin tradisjon.

– Kva forventningar hadde de på førehand til dåpen?

– Vi har to eldre gutar, der ein av dei vart døpt i Meland og ein i ei anna kyrkje, så vi visste litt kva vi gjekk til. Slik sett hadde vi forventningar som vart oppfylt. Det var fint at storebrødrene aktivt vart involvert i dåpen, t.d ved at vi gjekk saman inn som familie, og at dei var med på å ta av lue og tørka hovudet til Caroline. Dåpsdagen var ein høgtidsdag for oss.

– Korleis opplevde de dåpshandlinga?

– Det var ein fin flokk med fire barn som vart døpt denne dagen. Det som var nytt og litt spennande denne gongen var at far løfta opp barnet for kyrkjelyden etter at dåpshandlingane var gjort, i ekte Løvenes Konge-stil. Vi har heller ikkje vore med på å gå ned i midtgangen medan dåpssalmen vart sunge. Det opplevdes positivt. Eg trur det kan være fint for dei i kyrkja som ikkje er ein del av dåpsfølget. Dei kjem litt tettare på dåpsbarnet.

– Kva ser de for dykk av oppfølging etter dåpen frå fadrar og frå kyrkja?

– Vi har valt fadrar som vi ønsker skal vere ein naturleg del av livet til Caroline. Dei er i seg sjølv gode rollemodellar, og vi håpar og trur at dei vil stilla opp for Caroline når ho treng dei, og gi henne gode råd etter kvart som ho blir eldre. Sjølv trusopplæringa skjer nok mest på heimebane i det daglege. Frå kyrkja rekner vi med at vi får invitasjoner til utdeling av fireårsbok og seksårsbok, ranselbøn og liknande.



FAKTA - MELAND KYRKJE

Dåpsbarn: Caroline Sherrock
Foreldre: Stina og Richard Sherrock
Prest: Bjørn Tore Sæle

Tekst: Lars Bjarte Nesheim / Foto: Einar Såkvitne

– Kvifor valde de å døype barnet?

– Vi valde å døype barnet av tradisjon. Oldemor mi på farsida, Aslaug Stedje, blei døpt i 1919, i same dåpskjole som Markus brukte på dåpsdagen, seier far Ole Anders Heimdal.

– Kva forventningar hadde de på førehand til dåpen?

– Vi forventa å få ein fin, minnerik dag saman med familie og vener.

– Korleis opplevde de dåpshandlinga?

– Vi syns det var kjekt at barn fra dåpsfamilien kunne ta del i førebuingane i kyrkja på dåpsdagen.

– De har fått utdelt dåpsperm – har den vore nyttig?

– Ja, dåpspermen inneheld kjekke eventyr og songar som tippoldemor Erna Bjørg Vedaa har lest og sunge for Markus.

– Kva oppfølging ser de for dykk vidare frå fadrar og kyrkjekontor?

– Vi ser fram til at fadrane kan ta Markus med på T-dagar i kyrkja



FAKTA – MO KYRKJE

Dåpsbarn: Markus Leander Heimdal
Foreldre: Maja Amalie Vedaa Såkvitne og Ole Anders Heimdal
Fadrar: Ane Vedaa Fjellanger og Bjørn Even Heimdal
Prest: Vilhelm Overå



Foto: Geir Øy

Tre ord om dåpen: Tilhøyre, tilgjeving, tillit

BISKOP EM. OLE D. HAGESÆTHER BUR I KNARVIK OG ER AKTIV I KYRKJA. HAN HAR BLITT UTFORDRA TIL Å SEIE MED FÅ ORD KVA DÅP INNEBER.

TILHØYRE

Å bli døypt kan samanliknast med å bli født inn i ein stor-familie. I dåpen blir vi fødte inn i Guds store familie. Jesus seier at vi må bli født på ny, og det skjer ved vatn og Ande. For at ingen skal lure på kva som skjedde den gongen ein blei døypt, er dåpen noko som skjer i kyrkjelyden. Eg synest det er flott når barnet blir halde opp for forsamlinga like etter dåpen, og presten seier: «Dette er NN, Guds barn og vår bror/ søster.» Då høyrer ein til der.

TILGJEVING

Gud er full av kjærleik. Men samstundes er han heilag. Difor

må vi bli rettferdiggjort, slik at vi kan leve ope og tillitsfullt saman med vår far. Eg likar å dele opp ordet, og seie at vi har blitt «rett ferdiggjort». Vi kallar dåpen for eit nådemiddel. For at vi skal vite heilt trygt at vi får tilgjeving, har Gud gitt oss dåpen som eit synleg teikn på at vi har fått ta imot Guds nåde.

TILLIT

Når vi kjem med barnet til kyrkja, er det ei trushandling. Eg brukar ordet tillit. Når folk talar om tru, tenker dei gjerne på at ein grip om bibelforteljingane med hovud og forstand. Slik er ikkje trua for meg. Det er først og fremst ei tillits-handling.

No er det 77 år sidan eg blei døypt. Men eg lever i den tilliten framleis. Eg takkar for gåva i dåpen.



MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no
www.melandelektro.no

HAGEL

AUTORISERT REGNSKAPSFØRERSELSKAP

SAMTALEPARTNER | BRANSJETEAM
DIGITALISERING | AUTOMATISERING

RING 56 35 55 80

Hos oss blir du alltid møtt med god kompetanse, gode råd og godt humør.

- Hagel AS, Hagellia 6, 5914 Isdalstø -

www.hagel.no

Velkommen til dåp

Tekst: Geir Øy

Foto: Sissel Trædal

Fram til nyleg fekk alle kyrkjekontor melding om fødsel dersom ein av foreldra er medlemmer av Den norske kyrkja. Ei slik melding gav kyrkjekontoret høve til å sende brev og invitere til dåp. I haust kom det nye reglar for personvern, og det er slutt på slike fødselsmeldingar.

Prost Helge Taranrød er opptatt av kva dette betyr for kyrkjelydane.

– Vi ønskjer framleis å nå ut med informasjon om og invitasjon til dåp i kyrkjene våre. Eg har oppmoda dei tilsette i kyrkjelydane om å arbeide bevisst med dette. Fleire av dei tilsette har kontakt med unge familiar til dømes gjennom babysang.

Han oppmodar også familie og vener til å vere medvitne om endringa.

– Det er sjølvsagt foreldre som må få bestemme om borna skal bli døypte. Men det er likevel godt mogeleg å minne unge foreldre om at dåp er ei fin og viktig hending. Frå no av vil slike oppmodingar vere til god hjelp.



Prost Helge Taranrød deltok på utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringar i Solheim kyrkje i Masfjorden nyleg.

Prosten minner også om at oppfølging av dåpen er viktig.

– Kyrkja har trusopplærarar som legg til rette for gode møtepunkt som utdeling av 4-årsbok, Tårnagent-helg og «Lys Vaken». Fadrar og besteforeldre har ei viktig oppgåve med å gje gode gåver slik som barnebibel og medlemskap i Dåpsklubben Tripp trapp, seier han.

DÅPSKLUBBEN

Tripptrapp

Dette er ein klubb for born frå 0 til 12 år. Det kjem tre pakkar i posten kvart år, før påske, sommar og jul. Foreldre, besteforeldre eller fadrar står som gjevarar av medlemskapen.

Pakkane inneheld bøker, musikk, mm. Fleire tusen familiar rundt om i landet har stor glede av tre spennande pakkar i posten i løpet av året. Mange familiar takkar besteforeldre som gav borna medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp. Bibelforteljingar vert ein naturleg del av oppveksten, saman med dei fine songane. Ei gåve med meining!



Den grønne sida

Tekst: Ingvild Dalland Husabø

KVINNELIST, KAFFIFILTER OG KVARDAGSVANAR

I FJOR INNFORTE ME KAFFIFILTER I BOMULL, BIVOKS-MAT-PAPIR OG LAUSVEKTPOSAR AV MAISFIBER I HEIMEN VÅR. EG SKRIV ME FOR DÅ VERKAR DET SÅ SAMSTEMT, LETTVINT OG HARMONISK. SANNINGA ER AT EG HAR ENTUSIASMEN OG MANNEN MIN LET SOM HAN ER POSITIV. HAN VEIT AT IVEREN FORSVINN OM DET ER VANSKELEG Å GJENNOMFØRE.

Eg har vakse opp i ein heim med gode vanar. Avfallssortering, restemiddagar, handlenett i tøy og ei enorm skyljing av brødposar til gjenbruk. Brødposevaskinga var eg ikkje stor fan av, men har sjølv likevel gått over til bivoksark og komposterbare fryseposar. Stort sett. Eg innrømmer gjerne at det ikkje alltid er verken gøy eller lett å hugse på.

Me er inne i ei tid der mange omsider forstår kvifor me lærte å ta vare på brødposane, sykle litt meir og å leggje avfallet i rett bøtte. Min generasjon har vakse opp i ein luksus utan like der alt kan kjøpast. Og kastast. Vanane våre har sakte, men sikkert vorte meir og meir bedagelege, og mindre og mindre miljøvenlege. Men no er det hipt å tenkje miljøvenleg. Det likar eg. Hipt betyr gjerne stilig, då vert eg positivt innstilt. Alt som er fint å sjå på gjer meg glad. For det å ta dei grønne vala er som regel grådig stilig! Som til dømes eit kjøleskap med mindre emballasje. Eller merkebukser kjøpt på Fretex, middagar rundt bestemor sitt spisebord og å ete søte bananpannekaker i staden for å kaste bananen. Ikkje er det vanskeleg heller.

Likevel: heilt ærleg? Eg elsker mat og kjem aldri til å leve heilt utan kjøt. Eg likar kjensla av nye ting, og eg har fått luksusvanar eg ikkje likar å gi slepp på. Eg har ein jobb som gjer at eg må fly meir enn eg likar, og eg kjem alltid til å ønske meg nye ting, elske design og reise på ferie. Nokre ting må nok vere som dei er. Eg har likevel bestemt meg for å fire på krava. Eg vil heller redde skaparverket «litt», enn å la vere å prøve fordi eg ikkje gidd. Det minste eg kan gjere er faktisk å leggje avfallet der det skal vere.

Eg heiar på ein litt grønare kvardag i overkommelege dosar. Eg heiar på litt meir kvinnelist i det daglege og tiltak som er gjennomførbare. Og forresten: me har i det siste slutta med bomullsfilter fordi eg er blitt ein snobbete barista. Men bivokspapiret tar du aldri frå meg. Eller komposten. For ikkje å snakke om innstillinga og pågangsmotet. No brukar me nemleg bivokspapiret like mykje begge to. Og eg trur jammensanten han er einig i at me skal på interrailferie.

FOR FLEIRE AV MINE KVARDAGSVANAR:
SJÅ @INGVILDDALHUS PÅ INSTAGRAM



Skivene til lunsjen både ser bra ut og smakar godt i bivokspapir




Lausvektspisar til handling og oppbevaring




Bestemor sitt spisebord kjem godt med når husgruppa er på besøk

KRYSSORD

Laga av Arvid Sakseide

	baby-utstyret							by i Italia tone		tand-re	båt-far-veg	
	den etterlatne ledd- dyr tone							nitrat				
		vesen vilkår plira										
norsk forfatter					kom-mune høgtid		distr.		reisk.		finst dikt-delane	ins-trumentet
ferske								lekams-del yttrium			skrik	
			for året skjene									
palest. org. feie								ekte-feller	ann-leis	500 fotb.-spelar	finst ende-punkt	
		siår					politi					
siarm --- Ca prino	reisk. hann-dyr			fadder		fiske-egg						
							nab.					
			melodi		tygg	prep. bibel-del						
del av ser-vice						rex ----- prep.		infi-nitivs-merke				
klauv-dyret												



Send heile kryssordet (evt. foto/scan) innan 1. mai til post.meland@kyrkja.no eller i post til Meland kyrkjelyd, Postboks 117, 5906 Frekhaug. Premie: Gåvekort kr. 250, Knarvik Senter. Vinnar i nr 3/18: Lars Inge Kjemphol, Isdalstø



Vatne

Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 56 35 09 10
www.vatne-byra.no
 Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø



Knarvik Blomsterstove



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
 Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

KNARVIK 40 SENTER



Møteplassen for handel og kultur

Kulturkalender

3. april – onsdag

PÅSKEKONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19.30

«Gåten om korset». Garness m/ band og kor frå Bibelskolen i Grimstad. Tekstar: Jostein Ørum. Musikk: Garness.

Billett: ticketco.no

5. april – fredag

KONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Musikkens Venner arrangerer konsert m/ Håvard Svendsrud, Arvid Engegård og Svein Haugen.

6. april – laurdag

BASAR

Ostereidet kyrkje kl 16.00

Song, andakt v/ prost Helge Taranrød, mat og åresal. Velkomne!

9. april – tysdag

PÅSKESONGKVELD

Knarvik kyrkje kl.19.30

Vi syng oss gjennom kjende og ukjende salmar og songar som skal nyttast på dei tre NRK-gudstenestene i palmehelga. Dette blir ei god øving for å løfta songen under innspelningane. Arr. Alversund sokneråd

10. april – onsdag

PÅSKA I ORD OG TONAR

Ostereidet kyrkje kl.19.00

Vi syng påskesongar i lag og deler tekstar om påska.

Te Deum syng nokre songar.

Etter samlinga vert det enkel servering i underetasjen.

Arr. Te Deum

5. mai – søndag

JAZZMESSE

Meland kyrkje kl. 19.00

Med Felix Vocalis og band.

7. mai – tysdag

KORKAFE MED FELIX VOCALIS

Nordgardsløa kl 20.00

Song ved Felix Vocalis. Kaker, kaffi og utlodning.

25. mai – laurdag

FESTSPILLKONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19

Nordiske stemninger og argentinsk lidenskap. Akkordeonist

Geir Draugsvoll og pianist Mette Rasmussen fra Danmark.

Billett: se www.fib.no.

Andakt



Av Elisabeth Romarheim

Gift med Sindre, tre born, kreftsjukepleiar og arbeider deltid på Haukeland Universitetssjukehus.

Velsigna er den mann/ kvinne som stolar på Herren og set si lit til Han. Han er lik eit tre som er planta attmed vatn og strekkjer røtene mot beken. Det fryktar ikkje når heten kjem, lauvet er grønt. Det engstar seg ikkje i tørketider og held ikkje opp med å bera frukt. Jeremia 17, 7-8.

Dette er for meg ei bøn over mitt liv. Gud ynskjer å velsigna oss. Eg ynskjer å stola på Herren og slappa av i Hans velsigning over mitt liv. Å våga å setta mi lit til han i ting i livet som uroar meg.

Eit tre visnar når det er tørke, det kunne me til og med sjå her på vestlandet i sommar som var. Om treet har kjensler vil eg tru det blir grepen av frykt dersom det blir varsla ein liknande sommar igjen. Med tørke. Då er ikkje lauvet grønt. Det vil ikkje bera frukt.

Men om det veks nær ein bekk, ein bekk med vatn i, då vil det strekkja røtene ned mot beken. Det vil suga opp det vatnet som er mogleg å få tak i. Og vatnet

blir fordelt oppover i treet og ut i bladverket. I heile «livet» til treet. Røtene vil ikkje halda opp med å suga til seg vatn og næring. Det er ein kontinuerleg prosess.

Eg trur mange av oss har ting i livet me fryktar og engstar oss for. Slik er det i alle fall for meg, sjølv om eg er kristen og søker Gud om rettleiing. Noko av det eg fryktar mest er kva andre synest om meg. Eg trur ikkje eg er åleine om å vera redd for det. Det er berre eit eksempel. Men når eg seier at verset over er ei bøn over mitt liv, meiner eg at eg ynskjer å strekka meg etter Guds tanke om kva Han synest om meg, for då vil eg ikkje trenga å engsta meg. Hans tanke om meg er

uforanderleg; uendeleg verdifull, uansett.

Og denne fine tanken Gud har om meg finn eg i Bibelen. Eg vil la Bibelen vera kjelda som eg kan henta mi kraft i frå. Slik at eg kan halda bladverket mitt grønt/ at eg kan ha mindre frykt og anna uro i livet. Eg trur eg kan tola meir av ytre negativ påverknad frå samfunnet dersom eg lar Guds kraft (som eg finn i Bibelen) verka i meg. Og eg vil gjerne vera slik som røtene på treet, som får næring av beken i ein kontinuerleg prosess. Då verkar det på meg slik at eg treng tid med Bibelen. Det er jo slik at Gud ynskjer å vera ilag med oss! Han LENGSTAR etter oss, faktisk. Han har skapt oss til å vera ilag med seg.



OPPSKRIFT

Potetlefser

Kjersti Linn Bakke bur på Ikeland gard på Seim saman med mannen Sigve Andreas og borna Andreas og Anna Eline.

Dei driv gard med 42 vinterfora sauer. Kjersti Linn har fagbrev som kokk og har bygd opp ei god verksemd med produksjon og sal av spekemat og andre kjøttprodukt.

Når veka er over og kjøleskapet er fullt av middagsrestar, deriblant poteter, vert det ofte potetlefser til kvelds i heimen vår. Det er både enkelt og veldig godt. Spesielt hvis dei er varme med smør og sirup, sukker eller syltetøy. Dette kan kven som helst laga og består av berre 3 ingrediensar. Du vil i tillegg hausta heder og ære for nydelig mat!

Ingredienser

- Kokte poteter utan skal, minst 1 dag gamle og helst mjølne.
- Kveitemjøl
- Salt



Framgangsmåte:

Legg potetene i ein bolle og mos dei med ein gaffel. Bland inn mjøl til du har ein litt fast masse. Det varierer litt på mjølmengden, men sånn ca ei strøken spiseskjei til ei middels stor potet. Her er det best å bruka nevane så får du knadd inn mjølet skikkelig. Dryss i litt salt, sånn ca ei klype pr potet.

Lag passelege emne(runde bollar i lik størrelse) og kjevl ut så tynt som det let seg gjera. Bruk masse mjøl og sneu ofte så dei ikkje heng fast i benken. Bruk gjerne ein

pensel eller ein ny malekost til å kosta av mjølet når dei er ferdig kjevla. Bruk ein flat steikjespade til å løfta dei opp frå benken når dei skal steikjast.

Til steiking er ei takke godt eigna om du har det. Vanleg steikjepanne går også heilt fint, men for all del ingen smør i botnen. Den må vera både tørr og rein.

Då er det berre til å setja i gang. Lukka te og god fornøyelse!

Nordhordland VIRKE GRAVFERD Begravelsesbyrå AS

Ring oss på tlf. 56 37 14 10
eller sjå www.nordh-bb.no

*Stort utvalg
i blomster og
gravminne!*

KYRKJEVEGEN 1
5911 Alversund

FREKHAUG:
Havnevegen 31,
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen

GRAVMINNER



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

To om sokneråd

Tekst: Stine Karin Sæle

Foto: Privat

Hausten 2019 skal det veljast nye sokneråd. Her får du møte to av dei som no sit som medlemmer i Meland kyrkjelyd sitt sokneråd.



Ingunn Reigstad

62 år, gift med Einar. Lektor med høgskoleopprykk.

– **Kvifor sa du ja til å stille til val og stå på lista sist det skulle veljast nytt sokneråd?**

– Dette er min andre periode i soknerådet. Eg ønskte å stille til val igjen både fordi arbeidet var spennande og for å skape kontinuitet.

– **Korleis har tida i soknerådet vore?**

– Arbeidet i soknerådet har vore givande. Vi har ulike talent og har utfylt kvarandre. Det har vore eit sokneråd med visjonar og ønskje om vekst for kyrkjelyden. Mykje av arbeidet har vore konsentrert om bygging av ny kyrkje på Frekhaug. Så det har vore lærerikt. Og sjølvstøtt også skuffande når kyrkja vart vald vekk.

– **Kvifor er soknerådsarbeidet viktig?**

– Eg oppfordrar dei som brenn for at Meland skal vere ein god plass å bu om å melde seg som kandidat til valget. Kyrkja har mange flotte frivillige medarbeidarar.



Andreas Sagstad Berg

32 år, gift med Regine. Sivilingeniør.

– **Kvifor sa du ja til å stille til val og stå på lista sist det skulle veljast nytt sokneråd?**

– Kyrkja er viktig for meg, og eg opplever arbeidet soknerådet gjer som meningsfullt. Det var derfor naturleg for meg å takka ja då eg vart spurd.

– **Korleis har tida i soknerådet vore?**

– Tida i soknerådet har vore spanande, kanskje spesielt i høve til målet om å byggja ny kyrkje på Frekhaug. Det har òg vore inspirerande å jobba i eit råd med dyktige og engasjerte personar som brenn for kyrkja og menneska i Meland.

– **Kvifor er soknerådsarbeidet viktig?**

– Soknerådet si oppgåve å vekkja og næra det kristeleg liv i soknet, noko eg ser på som heilt grunnleggande viktig.

Kva er eit sokneråd?

Tekst: Gunvor Taule Mjanger

§ 9 i Kyrkelova seier noko om kva soknerådet sine oppgåver er: Dei skal ha merkemda retta mot alt som kan gjerast for å vekkja og næra det kristne livet i soknet, særleg at Guds ord kan verta forkynt, at dei døypte får dåpsopplæring, at born og unge vert samla om gode føremål og at dei med lekamleg og åndeleg naud får hjelp. Vidare har soknerådet ansvar for at kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni vert innarbeidd

og utvikla i soknet. Alt dette kostar pengar, og soknerådet skal forvalta midlane som kjem inn til arbeidet.

Protokollane frå soknerådsmøta viser at nokre saker går att: Vedlikehald av bygg, utvendig og innvendig, offerlister, gudstenestelister og økonomi. Dei har det overordna ansvaret for arbeidet i soknet, utført av tilsette og frivillige. Soknerådet oppnemner utval med ansvar for diakoni, misjon, hus, offer, redaksjonsnemnd for kyrkjebladet, med fleire.

Kanskje er det din tur til å stå på lista til haustens soknerådsval?

Ny i Meland kommune?

Du er hjarteleg velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

Gudsteneste kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.

Treng du skyss til Meland kyrkje? Ta kontakt med **kyrkjekontoret 56 17 14 80.**

Søndagsskolen Løvegjengen kvar søndag utanom skuleferiane og familiegudstenester. Gruppe for barn under skulealder og skulebarn opp til 7. kl. Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.

Norsk kurs for innvandrare. Gratis norsk kurs, små grupper. Kvar onsdag kl. 18.00 – 19.30 på Møteplassen. Skyss for dei som treng. Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.

Internasjonal kafe.

Uformell treffplass, nokre gonger med litt program. Kvar onsdag kl. 19.30 – 21.00 på Møteplassen. Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.

Open Møteplass. Open treffstad/kafé for dei som er heime på dagtid. Kvar mandag, onsdag og torsdag kl. 11.00-13.30 på Møteplassen. Kontakt: Marit Sæle, 40 47 35 20.

Småbarnstreff med baby-sang. Kvar tysdag kl. 11.00 – 13.00 på Møteplassen. Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.

Felix Vocalis. Kor for vaksne. Øver annankvar tysdag kl. 20.00 - 22.00 på Møteplassen. Kontakt: Jannicke Wisløff Åsebø, 40 22 86 94.

Husgrupper. Smågrupper som møtest i heimar. Sosialt,

samtale, måltid, bøn. Kontakt: Kyrkjekontoret, 56 17 14 80.

Seniors. Treffpunkt med program og middag på dagtid. Første torsdag i månaden kl.12 på folkehøgskulen. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken. Kontakt: Victor Bakke, 99 61 75 83.

Yngres Frekhaug. Aktivitetar, andakt og kiosk. For 5.-7.klassingar. Annankvar fredag kl. 18.30-21 på Frekhaug bedehus. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. Kontakt: Ruben Sæle, 56 17 14 88.

SKrUL, ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover. Kvar laurdag kl. 20.00 på Frekhaug Bedehus. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. Kontakt: Ruben Sæle, 56 17 14 88.

Levande Lys. Barnekor for deg som har fylt 4 år og oppover. Øver annankvar onsdag kl. 17.30 – 18.30 på Frekhaug bedehus. Kontakt: Kamilla Strømsbo Dale, 47 30 65 24.

KRIK Meland. Trening, leik og andakt i gymsalen på Vestbygd skule ca ein fredag i mnd (følg KRIK Meland på Facebook for datoar). To grupper: KompizKRIK: 5-7. klasse, kl. 18-19.30. Frå 8. klasse: Kl 19.30-21.

Strilongane. Barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 – 18.30 på Rossland skule. Kontakt: Sandra Bruvik, 45251609.

Yngres Rossland. Aktivitetar, andakt og enkel matsservering, Frå 3. klasse og oppover. Annankvar fredag kl. 18.00 – 19.30 på Rossland bedehus, Kontakt: Miriam Skurtveit, 94 84 69 96.

Søndagsskuleklubben. Aktivitetar og andakt. For barn til og med 2. klasse. Annankvar onsdag kl. 18.00 - 18.45 på Rossland bedehus. Kontakt: Annlaug Isdal, 99 47 03 09.

MEIR INFO:
WWW.MELANDKYRKJA.NO

Kort og nytt

HIPHOP I KYRKJA

Frå slutten av januar har det vore to grupper med hiphop-dans kurs for barn i skulealder med Siren Godø som instruktør. Kurser endar med framføring på gudstenesta 10.mars. Dei to kursa med plass til 12 barn kvar vart raskt fullbooka, og det var venteliste. Vile ditt barn også vore med? Følg med, det kjem fleire kurs!

ÅRSMØTE FOR MELAND KYRKJELYD 31.MARS

Årsmøtet vert på Tveit bedehus etter gudstenesta (i Meland kyrkje kl. 11.00). Meir informasjon kjem på nettsida, i lokalavisene og i kyrkja.

SPEIALPREST

No er det endeleg klart at Meland får ein spesialprest! Frå og med juni skal Håkon Økland Kinsarvik arbeide i Meland kyrkjelyd. Håkon har takka ja til stillinga og tiltrer i juni 2019.

Stillinga er eit spleiselag mellom Bjørgvin bispedøme (70 %) og Meland kyrkjelyd (30%), og kyrkjelyden sin del av kostnaden må takast frå gåver til kyrkjelydsarbeidet.

NRK-GUDSTENESTER FRÅ KNARVIK

Tre gudstenester på NRK radio og TV i påsken kjem frå Knarvik kyrkje. Opptaka skjer i palmehelga.

Det vil vere kjende ansikt frå Meland på to av dei tre gudstenestene. På palmesundag skal Bjarte Leithaug ha med seg eit stort barnekor. May Sissel Rismyhr Jansen skal delta langfredag.

Dei tilsette i Knarvik kyrkje ønskjer at mange er til stades på gudstenestene og inviterer difor breitt frå nabobygdene, spesielt når det ikkje kolliderer med egne gudstenester.

Frammøtetider:

- Fredag 12. april kl. 1830. Opptak til langfredag
- Laurdag 13. april kl. 1130. Opptak til palmesundag
- Sondag 14. april kl. 1045. Opptak til 1. påskedag. (Familiegudsteneste i Meland kyrkje kl. 11.00)

Slekters gang

Døpte

Meland kyrkje

25.11.2018

Sofie Berge Sagstad (Alversund kyrkje)

9.12.2018

Trym Dale Bråthen
Aron Backus Olsen
Adrian Totland

6.01.2019

Dexter Hansen
Amalie Isager Slettebakken

20.01.2019

Frøya Blindheim
Josefine Gjerde Nilsen
Hanna Sæle
Caroline Sherrock

3.02.2019

Isabella Landa Fjeldstad
Alva Haugen
Scarlett Rose Kvamsdal Hoelstad
Jonah Mjelde Wergeland

Gravlagde

Meland kyrkje

6.11.2018 Reimer Henrik Fløysand (f. 1944)

9.11.2018 Jane Louise Hagesæter (f. 1946)

22.11.2018 Johannes Karsten Berge (f. 1945)

21.12.2018 Knut Mikal Gripsgård (f.1947)

11.01.2019 Karen Anna Whyatt (f.1940)

25.01.2019 Kjellaug Jorunn Nicolaysen (f.1934)

29.01.2019 Berit Vigdis Faltinsen (f.1943)

NY STEIN · OPPUSSING · NAVNETILFØYING

VESTSTEIN
naturstein

Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale
5918 FREKHAUG - MOB.: 913 13 480

ALT I CATERING

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE
www.catering.com • tlf. 56 17 43 23

Meland Auto AS

Autorisert bilverkstad
www.melandauto.no

MCA

 **Hageland**

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø
tlf. +47 56 35 17 65
mobil +47 926 08 647

Gravstein i alle utførelser
fra enkle og grove til
helpolerte.

Tilbehør til gravstedet

Tilførsler av navn

Oppussing vask, stell

Rehabilitering reperasjon

www.eikner.no

 **STEINRIKET**

EIKNER NATURSTEIN

Lokal representant

Rune Hjermann

Kyrkjesundsvegen 81, Holsnøy
Mob 911 63120

 **SKARSVÅG**
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11

Besøksadresse og Postadresse:
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag: STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

REMA 1000

FREKHAUG SENTER
tlf.: 56 17 60 00

 **GLØDE**
Arbeids- og Kompetansesenter

Vi tilbyr utleie av flotte festlokale og har gode cateringtilbud
til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær.

Sjå www.glode.no eller ta kontakt på 56 17 58 00

HELÅS AS

• Gravminner og benkeplater

• Salg av nye steiner

• Vedlikehold

• Reprasjoner (nytt gull eller lakk)

• Navnetilføyelse

• Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.

Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

KIWI mini
pris

for alle med sans for lavpris
FREKHAUG SENTER
Åningstider: Man.-fred. 9.00-22.00
Lørd. 9.00 - 20.00

GUDSTENESTE- KALENDER



Meland

Foto av Meland kyrkje: Morten Sæle

31.mars

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Årsmøte etter gudstenesta

7. april

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Fasteaksjon etter gudstenesta v/konfirmanter

14. april

Kl.11.00 v/Helge Hitland
Familiegudsteneste. Dåp og dåpspåminning
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

18. april. Skjærtorsdag

Kl.19.30 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd
Takkoffer til Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag

19.april. Langfredag

Kl.19.00 v/Bjørn Tore Sæle

21.april. 1.påskedag

Kl.11.00 v/Helge Hitland
Dåp og nattverd
Takkoffer til Norsk Lærakademi

28.april

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Dåp. Nattverd
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

5.mai

Kl.19.00 v/Bjørn Tore Sæle
Jazzgudsteneste. Nattverd
Takkoffer til Sjømannskyrkja

12.mai

Kl.11.00 v/Helge Hitland
Dåp og nattverd
Takkoffer til HimaPartner

17.mai

Kl.12.00 v/Helge Hitland
Takkoffer til Kirkens SOS i Bjørgvin

19.mai

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Dåp. Nattverd
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

26.mai

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

30.mai

Kl.12.00 v/Bjørn Tore Sæle
Friluftsgudsteneste på Håøytoppen
Leiknes blåseorkester



Mathilde Hansen Marktun vart døypt i september. Foreldra er Elisabeth Gripsgård Hansen og Martin Marktun.

Skipsklokkedåp

Tekst: Helge Hitland
Foto: Linda Gripsgård Lunga

I haust hadde vi skipsklokkedåp i Meland kyrkje, truleg for første gong. Det er ein tradisjon frå seglskutetida, då ein kunne oppleve at barn vart fødte om bord og måtte døypast om bord. Dei brukte skipsklokka som dåpsfat og hadde den vanlege liturgien med bøn og vigsling av vatnet. Denne tradisjonen har marinen overteke slik at mannskap om bord på marinebåtar kan bruke skipsklokke når barna deira skal døypast.

Barnet sitt namn blir inngravert på skipsklokka. Symbolverdien kan vere at dei ombord blir minna om at nokon ventar på at far eller mor kjem heim att etter fullført oppdrag. Dåpens verdier: nåde og tilgjeving, er viktige verdier for livet ombord på fartøy i forsvaret.

